

Anetavle for familien Einmo, som i rekkefølge viser til skjema nr.

1.

Knut f.13/1 1936, Brvniar f.5/6 1940, Anne Marie f.22/11 1942.

2.

Harald Einmo f.11/5 1910. Gift 18/6 1935 med Maren Marie Nilsen, Båtstø.

Allsidig yrke, frå gardbrukar, fiskar, anleggsarbeidar til byggfaget.

3.

Maren Einmo f.1/8 1903, d.26/2 1977.

Gjekk husmorkurs ved vefsn Folkehøgskole. Hadde tjeneste forskjellige plassar m.a. på kjøkenet ved Sandnessjøen Sykehus, og som kokk under anlegget av Nordlandsbana. Dreiv og mykje saum av forskjellig slag. Fekk i 1944 påvist tuberkolose, og var mykje på sjukehus og sanatorier. Vart så bra ei stund. men var dei siste åra svert svak.

4.

Aleksander Mørk Sørensen f.31/3 1868 på Tveråbakken, d.27/9 1938.

Som "uekte" barn vart han for det meste oppfostra hos besteforeldra: Peder Ås og Anna Elisabeth på Tveråbakken.

Då han, truleg i 1890 vart gift med Antonette Einmo, fekk dei overta garden Einmo, som dei sidan dreiv.

Han var mest opptatt av sjølivet, og fekk alt i ung alder storbåt, som han dreiv fiske med på lofoten, om vintrane, og så var det sildefiske i sesongane. Rundt århundre fekk, han som mange andre bygd seg kuttarbåt, som han då drifta med til 1906, då han vart tilsett som fiskekjøpar og fartyskipper hos N.J.Wig Sandnessjøen. Med det følgte då og utvasking og tørking av fisken om våren, og levering til kjøparar.

I 1917 kjøpte han notbruk, og seinare motorskjøyta Erna på 45 fot, og då vart det mykje drift etter silda som opptok han, men om vintrane for han på Lofoten på fiskekjøping for eiga rekning, eller i kompani med andre. Garden vart jo mest passa av familien, utanom i onnene, då han var heime.

5.

Antonette Zahl f.1867 d.1947, som Aleksander vart gift med, truleg i 1890, var dotter på Einmo, og då dei andre flytta ut, vart det ho og mannen som fekk overta garden, som dei hadde til 1933 då yngste sonen Harald overtok.

Som 4 åring fall ho ned loftstroppa, og slo høgre armen så hardt at den vart hemma i veksten, men ho klara arbeidet sitt godt for det. Dei fekk ni born:

Alette Marie f. 1890, men døde 2 år gamal av lungebetennelse.

Andreas Kristian Berg f.1892 d.1984. Etter å ha vore med i den